

## **Møte om nynorsk i vaksenopplæringa i Granvin**

**Møtetid:** 16.11.2015 kl. 18.30-20.40

**Møtestad:** Granvin barne- og ungdomsskule

### **Til stades:**

Brit Jorund Liland, avdelingsleiar på norskavdelinga ved Vaksenopplæringa på Voss  
Kjell Arne Gjør, rektor for vaksenopplæringa i Kvam herad  
Berit Leigland, leiar for vaksenopplæringa i Ullensvang herad  
Jon Olav Stadheim, rektor for vaksenopplæringa i Odda kommune  
Margareth Moberg, lærar for innvandrarborn i Ullensvang herad  
Solfrid Borge, ordførar i Ullensvang og leiar i Landssamanslutninga av nynorskkommunar  
Ingar Arnøy, skulemålskrivar i Noregs Mållag  
Knut O. Dale, leiar i Odda Mållag og lærar ved Odda vidaregåande skule  
Alf Jansen, leiar i Voss Mållag og lærar på Voss gymnas  
Erlend Trones, leiar i Ullensvang mållag  
Solveig Grønlien, styremedlem i Odda Mållag og nestleiar i Hordaland Mållag  
Johannes H. Sekse, nestleiar i Ullensvang mållag.

**Møteleiar:** Johannes H. Sekse

### **Innleiarar:**

Brit Jorund Liland  
Jon Olav Stadheim  
Kjell Arne Gjør  
Ingar Arnøy

Knut opna møtet med å fortelja at alle born i Odda som kjem frå framande land får bokmålsundervisning. Slik er det òg i dei fleste reine nynorskkommunar, og det skapar ei utfordring for nynorskbruken i landet. Viss foreldra er frå andre land, får ofte borna òg bokmålsundervisning. Han har sjølv ein 3. klasse no på gymnaset der det er fleire innvandrarelevar. Både dei og foreldra deira har berre bokmålsopplæring. Han fryktar at det slik vert stadig meir bokmålselevar i nynorskland, og at det kan verta nytta som ei brekkstong for bokmål i den vidaregåande skulen. Det var dette som fekk han til å gjera opptak til dette møtet. Han viste til at det var gode innleiarar på programmet, og at han hadde von om ei god meiningsutveksling etterpå. Han vona at ein kunne få ein ny politikk på området, slik at nynorsktilbodet i vaksenopplæringa kunne koma seg.

Knut gav ordet vidare til Johannes, som var vald til ordstyrar. Han tok eit raskt opprop, før han gav ordet til Brit Jorund som fyrste innleiar.

### **Brit Jorund Liland: Nynorskopplæring for innvandrarak sett frå Voss**

Vaksenopplæringa på Voss hadde berre bokmålsundervisning fram til 2003. Voss kommune bestemte då at ein skulle gå over til nynorskopplæring for vaksne innvandrarak. Dei byrja då ein gradvis overgang frå bokmål til nynorsk. Tanken var at dei skulle byrja med nokre få elevar, men at alle etter kvart skulle få all opplæring på nynorsk. Men dei registrerte at elevane deira med tid og stunder fór til bokmålsland, og lærebøkene som fanst på nynorsk var for dårlege, det var for lite å velja i. Det enda med at dei bytte attende til bokmål i 2006. Dei konkluderte med at dei heller ville lata andre kommunar vera føregangskommunar i bruken av nynorsk. Vaksenopplæringa på Voss ynskjer framleis å kunna undervisa alle som kjem til Voss på nynorsk, men ikkje til kvar ein pris.

Voss kommune har bestemt at dei på nytt skal gå over til nynorsk i vaksenopplæringa, men det er ikkje vaksenopplæringa sjølv som ynskjer å byta.. Brit Jorund har difor undersøkt kva læreverk som finst i dag på nynorsk. Ho registrerer at dei som finst, ofte er ukomplette. Til dømes har *ein Norsk No!* med arbeidsbok for A1 og A2. Verket kunne potensielt erstatta *Ny i Norge*, , men det manglar tilhøyrande ordlister på alle språk. Det finst ikkje lytteøvingar, og lærarretteleinga, som inneheld alle testane, finst berre på bokmål. Lærarane må dermed sjølv produsera lytteøvingane, testane osv.

Klart det! er eit nytt læreverk på B2-nivå frå Fagbokforlaget. Verket er eit satsingsområde for forlaget, og alt materialet som fylgjer med vil verta tilgjengeleg alt på nynorsk òg.

På B1-nivå er situasjonen meir bedrøveleg. Det einaste læreverket som finst på nynorsk er Norsk Pluss, og det fylgjer ikkje den nye læreplanen for B1. Det har generelt skjett lite sidan 2006, og stoda var for dårleg alt då.

På A1-nivå har ein elles Godt sagt (Fagbokforlaget): Då Voss prøvde seg med vaksenopplæring i 2003-2006 fanst det berre på bokmål. No finst det på nynorsk òg, og det går an å bruka. Men leseheftet og arbeidsbøkene er på bokmål, berre eit par av arbeidsbøkene finst på nynorsk (to av seks?).

Når ein skal leita etter lettlesne litteratur på nynorsk, finst det mykje barnelitteratur, men lite som er brukande for vaksne. Vaksenopplæringa vil ha tekstar som tek vaksne på alvor, og er difor skeptisk til å servera dei barnelitteratur.

Det manglar alfabetiseringslæremiddel for vaksne innvandrarar. Emma-permen, som fylgjer språkperm-metodikken, finst berre på bokmål, ikkje på nynorsk.

Utanom i byrjarkursa tilnærmar lærarane ved vaksenopplæringa på Voss talemålet til nynorsk. Mykje av det skriftlege materiellet som dei treng, reknar ho med at dei tilsette må omsetja frå bokmål til nynorsk sjølve. Brit Jorund ser eit problem i den manglande kvalitetskontrollen av nynorskomsetjingane.

Oppsummert manglar dei altso brukande læremiddel på B1 og i alfabetiseringsmodulane, og elles er utvalet òg snevert. Brit Jorund føler generelt at det finst mindre læremiddel enn det som er behovet.

260 deltakarar skal byrja med språkoppplæring hjå dei framover. Dei held mange små kurs, og ho tenkjer på korleis dei har kunna boltra seg på bokmål med ulike læreverk, men heretter får smalhans med det vesle som finst på nynorsk. Ho ser svart på stoda.

Brit Jorund avslutta med å kommentera noko av kampanjemateriellet til Noregs Mållags kampanje for nynorsk opplæring for vaksne innvandrarar. Der står det at mangelen på læremiddel på nynorsk «er ein myte», og at «læremidla som finst på nynorsk i dag «er meir enn gode nok til å gje ei fullgod norskopplæring» Ho tykkjer det er provoserande å lesa, for det er direkte feil. Ho meiner òg det er feil at det skal finnast 39 kommunar som i dag gjev undervisning på nynorsk, t.d. er Aurland og Granvin nemnde i denne lista, og dei sender i realiteten elevane til nabokommunar som tilbyd bokmålsundervisning. Ho hadde fleire døme på kommunar på Noregs Mållag si liste som i realiteten ikkje har vaksenopplæring i dag.

Brit Jorund avslutta med å seia at ho ynskjer meir påtrykk på forlaga for at dei skal gje ut nynorske læreverk, slik at dei kan ha eit fullverdig og fagleg profesjonelt tilbod for dei som skal læra seg norsk på nynorsk. Voss skal gå over til nynorsk i mars. Dei ynskjer mellom anna å bruka *Norsk no!*, men ho skulle ynskja at det fylgde med alt det tilleggsmateriellet som manglar i dag.

## **Jon Olav Stadheim: Odda sitt perspektiv på nynorskopplæring for innvandrarak**

Jon Olav har jobba 8-9 år i vaksenopplæringa i Odda, og er no rektor der. Dei har undervist på bokmål i alle år sidan oppstarten. Brit Jorund har sagt mykje om stoda for læreverka på nynorsk.

Vaksenopplæring er eit ferskt skulefag, og profesjonen utviklar seg heile tida. Omfanget aukar, og faget har vorte profesjonalisert dei siste ti åra. Noreg er enno i startgropa med vaksenopplæring. Grunnen til at ein underviser på bokmål i dag, er at utvalet av lærebøker på nynorsk er veldig begrensa. Undervisninga må òg bevega seg utanfor læreverka. Det finst no lettlesne aviser på nettet, men veldig lite av slike tekstar vert skrivne på nynorsk. Av ordlister finst det òg lite på nynorsk, serskilt ordlister som er trykte på papir. Det finst mange nettkurs for framandspråklege som vil læra seg norsk, t.d. Duolingo, som er ein fantastisk ressurs, på ulike språk har dei i dag 100 millionar brukarar. Det norske kurset er no fullverdig - på bokmål (læringsspråket der der engelsk). Mediehusa, t.d. TV2, har nyhende for vaksne innvandrarak, «TV2 skole», som er nyhendesendingar for vaksne innvandrarak - på bokmål. Det ville vera ein stor jobb å omsetja til nynorsk alt det som finst på internett i dag - eller òg på papir - det ville eigentleg ikkje vera mogleg. Det vert uvegerleg eit smalare tilbod på nynorsk.

Men ei endå større utbyding i Noreg er «dialektriket». T.d.: stor skilnad mellom lydane i trøndersk og bergensk talemål. Nynorsk er ok for innvandrarak, men å forstå dialektstakkarar er mykje vanskelegare. Vinsten er ikkje stor nok i dag til at Odda ynskjer å gå over til nynorsk. Vaksenopplæringa i Odda ville ev. rådd til at elevane måtte få velja sjølv kva målform dei vil ha undervisninga på.

*Norsk no!* var nytt for 4-5 år sidan. Fruktlageret på Utne hadde 35 framandarbeidarar som skulle få norskopplæring, og formannen der ynskte då å få ein lærar frå Odda til å koma og gje opplæring på fruktlageret, og han ville at opplæringa skulle skje på nynorsk. Vaksenopplæringa tok utbydinga, og tinga *Norsk No!*, men ei veke før undervisninga skulle byrja, viste det seg at lytteøvingane ikkje var på nynorsk, og dei tilhøyrande ordlistene var òg berre på bokmål. «Nynorskversjonen vert klar til våren», vart dei fortalde av forlaget hausten då undervisninga pågjekk. Sidan har det gått fleire år, og enno er ikkje nokon av delane komne.

Det er håplaut å undervisa på nynorsk slik stemninga er på forlaga som gjev ut læremidla i dag, attpåtil kjem mangelen på alt anna ekstramateriale.

## **Kjell Arne Gjon: Nynorskopplæring for innvandrarak sett frå Kvam herad**

Kjell Arne byrja med å takka for invitasjonen. Han har ei litt anna tilnærming enn dei to fyrste innleiarane sidan Kvam har hatt nynorskopplæring i vaksenopplæringa sidan 2004. Skule- og oppvekstsjefen i heradet bestemte då at dei skulle gå over til nynorsk. Det var før Kjell Arne byrja.

Utgangspunktet deira har sidan vore å gjera det beste ut av det som finst. Kjell Arne er samd i at det er stor skilnad i utvalet på bokmål og nynorsk. Men Kvam har altso hatt nynorsk i 10-11 år, og dei har soleis hatt mykje lengre tid til å leita. Han meiner ikkje naudsynlegvis at dei har sett noko dei andre ikkje har sett, men dei har røynsle med at det går an å bruka det som finst. Elevane deira veit ikkje om noko anna, og har ikkje ytra noko misnøye. Han meiner derimot at det kunne vore eit større problem at foreldra lærer norsk på ei anna målform enn borna. I Kvam nyttar dei alltid nynorsk elles i heradet, og det var difor naturleg å gje nynorskopplæring til dei vaksne innvandrarakane òg.

Men vaksenopplæringa i Kvam ynskjer òg sterkt at det vert gjort noko med læremiddelsituasjonen. Det er ikkje noko alternativ for dei å gå attende til bokmål. Kjell Arne meiner likevel at situasjonen er litt meir nyansert enn slik Brit Jorund frå Voss framstilte det. Vox seier at framstilling av nynorske læremiddel er eit satsingsområde for dei. Men om nokre fleire kommunar torer å gå over til nynorsk, kan kanskje fleire forlag òg våga. Dei som gjev vaksenopplæring på bokmål kjem til duk og dekt bord, medan dei som underviser på nynorsk treng meir røynsle for å framskaffa det som trengst.

For Kvam er Norsk Pluss eit hovudverk, og det finst på alle nivå. Nettressursen deira er svært bra, men oppgåvebøkene er ikkje so gode i høve til tekstbøkene. Norsk Pluss ungdom er råd å nytta til supplering. Det kjem snart meir på B2-nivå, *Hei!* skal omsetjast til nynorsk. På TV2 skole, som Jon Olav nemnde, er 40 prosent nærmast klar på nynorsk digitalt, og det kjem opp i 100 prosent på nynorsk innan kort tid. TV2 har mange gode journalistar på nynorsk der, som kan produsera materiale på den målforma. Vaksenopplæringa i Kvam hentar og plukkar elles frå mange lærebøker, og klarar seg alt i alt bra. Kvam er ein nynorskkommune, og der vil dei òg vera i framtida.

### **Ingar Arnøy: Politikken til Noregs Mållag**

Ingar skjønnte reaksjonen til Brit Jorund på overdregen adjektivbruk i kampanjemateriellet deira, og gav henne medhald i at det burde gjerast nokre rettingar i faldaren dei har gjeve ut.

Han meinte at Noregs Mållag generelt byrja for seint å arbeida med dette temaet, dei burde ha kome tidlegare på banen. Bokmålstilbodet er no eit hav større, og det kjem ikkje av vond vilje frå styresmakter eller forlag. Hjø forlaga er økonomien årsaka, hjå politikarane kjem det av vankunne at dei ikkje har sytt for ei tilfredsstillande læremiddelstode.

Han nemnde Kvinnherad som døme på ein kommune med stor innvandrarbefolkning, der får 800 personar no bokmålsopplæring. Det vert farleg for nynorskb Bruken lokalt over tid om dette held fram. Noregs Mållag ynskjer å auka medvitet i kommunane. Dei vonar å få kommunane til å gå saman og krevja meir nynorske læremiddel. Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) har teke opp temaet i spørjetimen i Stortinget tri gonger. Eit problem er at tri departement deler ansvaret for dette feltet. Det nasjonale nynorsksenteret spelar her ei viktig rolle, og dei skal jobba mykje med dette framover. Dei kan samla all informasjonen dei kommunale opplæringssentra treng på éin stad, og visa forlaga at det er etterspurnad etter nynorske læreverk. Det trengst lobbyarbeid framover for å få myndene til å ta ansvar, og forlaga treng sikkerheit for å sleppa å verta sitjande med store opplag dei ikkje får selt. Noregs Mållag brukar store krefter på dette arbeidet i dag.

Samstundes som me har møte i dag, sit åtte nordhordlandskommunar i møte i Meland om same tema som her. Det kunne kanskje vera ein idé om vaksenopplæringane gjekk saman regionalt eller fylkesvis og fremja krav om at staten tek ansvar økonomisk og administrativt for å få på plass det som trengst av læremiddel. Noregs Mållag vil uansett bidra til å arbeida for at dei skal få eit fullverdige tilbud. Det bør òg arbeidast for at innvandrara i bokmålsområde kan få noko av norskopplæringa på nynorsk.

Den kan elles nemnast at innvandrara ikkje er ideologisk demotiverte i utgangspunktet til å læra nynorsk, slik etnisk norske ofte er. Ingar ville til slutt seia all ære til arbeidet dei som var på dette møtet har gjort for saka so langt.

### **Solfrid:**

Avgjerda om ein skal gå over til nynorskopplæring er for kommunane ofte eit spørsmål om økonomi og vilje, men mangelen på læremiddel er òg noko ein må ta stilling til.

Eit viktig spørsmål nasjonalt er korleis ein kan få nok læremiddel. Dersom etterspurnaden etter nynorskverk vert større, får forlaga større press på seg til å produsera bøkene på nynorsk. Om alle kommunane vel den lette vegen i dette spørsmålet, vert det ikkje tilgjengeleg noko meir materiale. I nynorskkommunane vert resultatet ofte at foreldra lærer bokmål, medan borna lærer nynorsk. Solfrid meiner det vert for enkelt å berre skulda på læremiddelsituasjonen her, ho skjønar problemet med å finna godt materiell, og at det krev ein innsats i tid og krefter. Men nokon har sagt at det er lærarane som underviser som skal bestemma målforma. Det meiner Solfrid er feil, og LNK meiner òg at det er feil. Dei bør ha same språk i vaksenopplæringa som i lokalsamfunnet elles. Det er viktig at nynorskkommunane brukar nynorsk her som elles for å ta vare på språket. Då vert òg etterspurnaden større, og det lagar press på dei som produserer læreverk om å tilby nynorsk. Staten har eit viktig

ansvar, for bokmål og nynorsk er jamstilte målformer i Noreg, og nynorskbrukarane har rett og krav på lærebøker på si målform.

### **Knut:**

For å skapa trygge målbrukarar, er det ein føresetnad å ha gode læremiddel. Då han gjekk ut av gymnaset – på reallina i Øystese i 1971 - fanst ikkje realfagsbøkene på nynorsk. Kravet dei stilte den gongen var at lærebøker og andre læremiddel skulle koma ut på nynorsk og bokmål på same tid og til same pris. Det må like eins vera eit krav her òg, og det offentlege må ta kostnaden. Ein kan ikkje krevja fleire lærarar for å gå over til nynorsk. Problemet er mangelen på læremiddel, det er ikkje viljen i kommunane som er problemet. Han nemnde til slutt eit døme med ein innvandrarelev han har frå Kinsarvik, som no vurderer å skifta til bokmål sidan foreldra berre snakkar bokmål.

### **Alf:**

På Voss skipa mållaget i haust til eit valmøte om nynorsk i vaksenopplæringa, og dei vonar at det kan auka medvitte til politikarane. Det er dei som i praksis bestemmer om det vert ein overgang eller ikkje, me andre kan berre gje saka merksemd og prøva å pressa på. Ingen på møtet i dag har sagt at nynorsk ikkje bør nyttast som målform i opplæringa, eller at nynorsk ikkje bør vera norma. Det er feil å overlata til innvandarane å velja målform sjølv. Det er kommunen som vel målforma som skal nyttast i kommunen, og innvandarane har uansett ikkje reelle føresetnader for å gjera eit informert val. Alf ynskjer seg tal på kor mange på landsbasis som tek vaksenopplæring, og kor mange som får opplæring i nynorsk. Det er viktig å vita kor mange det er snakk om, og slik det ser ut no, vert det raskt endå fleire som vil trenga opplæring.

### **Ingar:**

Vox opplyser at 46 000 har fullført kurs i regi av det offentlege. Talet på kor mange som får nynorskopplæring i nynorsk kommunar er uvisst, for stundom får elevane der nynorsk-, og stundom bokmålsundervisning. Staten har heller ikkje oversikt over dette. Vox har elles over 200 tilsette, og dei kan tilby meir statistikk for vaksenopplæringa.

### **Jon Olav:**

Jon Olav meiner at innvandrarelevane har føresetnader for å velja sjølv. Odda har språkdelling i dag. Innvandarane lærer fort at det er to offisielle skriftspråk her i landet, og dei har grunnlag for å velja kva dei vil ha.

### **Margareth:**

Før var det slik i Ullensvang at flyktningeborna fekk opplæring på nynorsk, medan asylsøkjjarborna lærde bokmål. Margareth vart etter kvart veldig engasjerte i denne saka, for ho merka fort at elevar bytjar å knota. «Men mamma seier», viste seg fort å vera eit problem i språklæringa.

I familie: ulike strategiar for å læra språk, kan hjelpa kvarandre med dei ulike strategiar. Til dømes lærer borna fort å høyra ut kva kjønn orda har, dei snakkar dialekt, og lærer nynorsk, som klart ligg nærmast dialekten.

Margareth har opplevd å vera åleine med norsk for innvandarborn. Ho ynskte å få eit kommunalt nettverk, men det gjekk ikkje, so prøvde ho å få eit regionalt nettverk, men det gjekk heller ikkje. Ho starta då facebookgruppa «Norsk som andrespråk» i januar. Gruppa har no 4000 medlemmer. Nafø (Nasjonalt senter for framandspråk i opplæringa) finst elles som eit nasjonalt ressurscenter for framandspråk i grunnopplæringa. Dei arbeider for at framandspråkopplæringa får høg kvalitet, og det må òg gjelda nynorskopplæringa. Når Margareth får reklame for ulike læreverk, gjeld det som regel bokmålsverk. Ho passar då på å gje tilbakemelding om at ho «ikkje finn nynorskknappen», slik at dei vert medvitne om at det faktisk finst eit behov der ute.

**Knut:**

Me må stilla oss spørsmålet om kva me kan gjera konkret for å få meir nynorske læremiddel. Noregs Mållag, LNK og nynorskkommunane må gjera noko for å få det til. Lokale mållag kan i samband med politiske val stilla spørsmål til kandidatane: «Kva meiner partiet dykkar om opplæring i nynorsk for vaksne innvandrarakar? M.a.o.: Korleis stiller partiet dykkar til kravet om at læremiddel for innvandrarakar skal koma ut til same tid og til same pris på nynorsk og bokmål?»

**Alf:**

KS er ein viktig sentral institusjon som tek opp saker nasjonalt på vegner av kommunane. Dei bør vera med som ein pådrivar for nynorske læremiddel i tillegg til kommunane sjølve. KS har ei viss tyngd i slike saker.

**Ingar:**

Det er lettare for Noregs Mållag å få gjennomslag for si lobbyverksemd om kommunane òg fortel om stoda si på dette feltet. Kommunane er viktige aktørar for å møyrna politikarane og avgjerdspersonane i saka. Noregs Mållag vil gjerne at Hordaland Mållag òg gjer vedtak om at dei vil ha meir læremiddel. Dei vil elles ha Nynorsksenteret meir inn i saka. Det finst folk som er i stand til å gjera arbeidet. Ingar vedgår at Noregs Mållag sjølve har vore for trege. Det er viktig at det kjem vedtak i kommunane om nynorskopplæring, slik at statsrådene må ta stilling til saka. Om mange pressar på nedanfrå, vert det lettare for Noregs Mållag å gjera det til ei nasjonal statssak. Det vert gjerne ein kostnad på 200 millionar for å få dei nynorske læremidla i vaksenopplæringa opp på eit akseptabelt nivå, og den kostnaden må ein få staten til å ta.

**Margareth:**

Det er viktig å vita om alle læringsappane som no finst. T.d. er det ein app som lagar lydane etter kvart som ein skriv. Samlaget har noko kalla Leseland. Når ein opnar «boka», får ein opp teksten saman med høgtlesing, og er kjekt for born. Samlaget er vårt forlag.

**Jon Olav:**

Ein lokal grunder i Odda, Geir Larssen, har laga fleire nynorskappar.

**Margareth:**

Ja, men dei er ikkje so eigna for opplæring.

**Alf:**

Når noko skjer, slik som immigrasjonssituasjonen er no, er det tid for å smi medan jarnet er varmt. Det skulle gje eit godt høve til å få gjennomslag slik stoda er no. Kva er neste steg? Fyrste steg er kanskje å etterlysa læremiddel, kanskje ha møte der ein samla gjekk ut og sa ein kravde meir læremiddel.

**Knut:**

Om det er marknaden som skal rå, då vert det slik det har vore. Kanskje kostar det 200 millionar for staten å få på plass det som manglar, men det er avgjerande for nynorsk at ein får dette på plass. Kvar billett til operaen er subsidiert med 2000 kroner og i tillegg kosta staten Operabygningen, ein bygning som kosta over fire milliardar kroner. Då må ein vel kunna ta seg råd til dette òg.

**Ingar:**

Eit argument som ein kan nytta er at straumen til Noreg vil halda seg oppe. Det er ikkje ynske sentralt om at hopen skal samla seg i/rundt Oslo. Dersom dei skjønar at det er lettare for dei å føla seg heime dersom dei lærer språket der dei kjem, kan politikarane forstå at det løner seg å bruka dei midlane som trengst. Det skal vera mogleg få politikarane til å skjøna det. Iallfall sannsynleg om innvandrarane skjønar at språket er spesifikt for området. Det kan fungera som argument...

**Jon Olav:**

Det ser ut til å vera semje om at det må lagast meir nynorske læremiddel. Strategien må fyrst og fremst vera å samla seg om det. Flyttegrunn nr. 1 for innvandrarane er å få seg jobb. Målforma kan ikkje reknast som ein viktig faktor i avgjerda om ein skal flytta til dei store byane eller ikkje.

**Brit Jorund:**

Det me treng, er komplette læremiddel på kvart nivå med alt tilbehøyr òg på nynorsk. Det trengst kvalitetssikra omsetjing til nynorsk.

-

Knut avslutta med å seia at det ikkje finst nok læremiddel på nynorsk i dag, og at hovudproblemet ligg der. Det kjem ikkje av vrangvilje at vaksenopplæringsentra vegrar seg mot å gå over til nynorsk. Det finst god vilje hjå dei, men dei har ikkje alle læremidla dei treng. Det er der me må setja inn innsatsen framover. Innvandrarar med bokmål vert ofte brukt som brekkstong for bokmål. Men kanskje ein dag...

Erlend Trones  
referent